



Statens vegvesen

Notat

Til: Sekretariatet for Miljøløftet
Frå: Styring- og strategistab
Kopi til:

Saksbehandlar: Kristian Bauge
Tlf saksbeh. 55 51 63 37
Vår dato: 03.06.2019

Svar på spørsmål i fylkesutvalet om redusert bompengebelasting ved auka statleg tilskot

Statens vegvesen, Region vest viser til skriftleg spørsmål frå Atle Kvamme fremma i fylkesutvalet 28. mars 2019:

«Kor mykje ekstra tilskudd vil det utgjera, og kor mykje kan ein redusera bompengebelastninga, dersom staten sitt tilskot til utbygging av Bybana vert 70% av kostnadane for utbygging til Fyllingsdalen og Åsane.»

Sekretariatet for Miljøløftet har bede Statens vegvesen, Region vest utforme svar.

På grunn av kort frist for tilbakemelding, legg Statens vegvesen til grunn at ein kan nytte føresetnadene frå finansieringsplanen i Prop. 11 S (2017–2018) som utgangspunkt for analysen. Tala i dette notatet er i 2016-prisnivå.

I finansieringsplanen til Prop. 11 S er det lagt til grunn at Bybanen byggetrinn 4 til Fyllingsdalen kjem til å koste 6,2 mrd. kr, og at byggetrinn 5 til Åsane vil koste 8 mrd. kr. Den statlege delen av finansieringa utgjer 3,1 mrd. for byggetrinn 4 og 4 mrd. for byggetrinn 5 med 50 pst. statleg finansiering. Om dette skulle verte endra til 70 pst. finansieringsdel med statlege midlar, vil det statlege tilskotet til byggetrinn 4 auke til 4,34 mrd. og til 5,6 mrd. kr for byggetrinn 5.

Om ein aukar det statlege tilskotet til 70 pst. av investeringa på byggetrinn 4 og byggetrinn 5, vil ein kunne redusere gjennomsnittleg inntekt per passering frå 11,2 kr til 9,3 kr. Det svarer til ein reduksjon på 17 pst.